

VESTNES KOMMUNE
Rådhuset
6390 VESTNES

Deres ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/02923-132	17.03.2021
	Ark.: 326.12 BS	

Oppstart av namnesak 2021/125 – Knausnakken - Knusnakken m.fl. i Vestnes kommune

I samband med oppretting av eit naturreservat i Vestnes kommune har Språkrådet bedt om namnesak for å avklare skrivemåten av namnet på ein haug ved Gjelstein. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal melder om oppstart av vern av skog ved Knausnakken i brev datert 8.3.2021. Tilbodet om vern kjem frå grunneigarar på gnr. 77 bnr. 1,7 og 8.

I brev datert 16.3.2021 ber Språkrådet om at Kartverket reiser namnesak på namnet

- **Knausnakken** eller **Knusnakken**

Knausnakken er einaste godkjente skrivemåte i SSR for denne haugen, men stadnamn-innsamlinga i fylkesatlasen har *Knusnakken*, sjå kartvedlegg. Uttalen er oppgitt som *Knu:snakkjinj* (med lang u). Ein lokal informant stadfester at uttalen er med *u* og ikkje med *au*.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Kartverket nyttar samtidig høvet til å ta opp tre namneforslag som har kome inn for to vatn i kommunen:

- **Skaklutvatnet**, anna namn på *Dalvatnet*
- **Kvennåvatnet** og **Brustindvatnet**, andre namn på *Nedste Trollvatnet*

Namna er melde inn i 2013. *Skaklutvatnet* finn ein også som anna namn på *Dalvatnet* i fylkesatlasen (sjå kartvedlegg). Det er ikkje registrert noko anna namn for *Nedste Trollvatnet* i fylkesatlasen, men innsendaren opplyser: "Navnet er *Kvennåvatnet* eller *Brustindvatnet*. *Trollvatnet* er ikkje brukt."

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn. Før vi gjør vedtak, har kommunen rett til å uttale seg, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. I denne saka er det også rimeleg at grunneigarane får uttale seg om namnet på haugen.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Derfor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet blir uttalt på ulike måtar, ber vi om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Når det gjeld namn på vatna, vil Kartverket gjerne ha opplysningar om kva for namn folk bruker. Vi kan registrere fleire namn på same vatn, og meir enn eitt namn kan komme på kart der fleire namn blir nytta for same staden.

Normeringsprinsipp og bruk av stadnamn

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel følge gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vere retningsgivande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, jf. § 4 tredje ledd i lova. Statsforvaltaren må derfor vente med å fastsette namn på verneområdet til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjøre at namnesaka er reist, t.d. ved notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gi endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Kari Aalvik Buset
fylkeskartsjef

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Ingrid Skjegstad, Vestnes kommune
 SPRÅKRÅDET
 STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Lenker:

[Lov om stadnamn](#)


Stadnamninnsamlinga i fylkesatlas: <https://www.fylkesatlas.no/share/a0ef2016985d>

Norgeskart: www.norgeskart.no


Kartskisser



Knausnakken frå Norgeskart, *Knusnakken* frå stadnamninnsamlinga i fylkesatlas



Foreslått verneområde



Stadnamninnsamlinga har både *Skaklutvatnet* og *Dalvatnet* der Norgeskartet har *Dalvatnet*



Der Norgeskartet har *Nedste Trollvatnet* er det foreslått *Kvennåvatnet* og *Brustindvatnet*